



SGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
FYLKESORDFØRAREN

Det Kongelige Nærings- og handelsdepartementet
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

| Arkivkode | Vår ref. | Dykkar ref. | Dato |
|-----------|--------------------|-------------|------------|
| U00 &00 | Arkivnr.: 05/02907 | | 27.08.2003 |
| | L.nr.: 016461/03 | | |

**FRÅSEGN PÅ UTKAST TIL LOV OM NY EINING FOR INNOVASJON OG
INTERNASJONALISERING**

Bakgrunn

Den 18. juni 2003 handsama Stortinget St.prt. nr. 51 (2002-03) "Virkemidler for et innovativt og nyskapende næringsliv". Stortinget slutta seg til regjeringa sitt framlegg om å opprette ein ny innovasjons- og internasjonaliseringseining. Einininga vil bli organisert som eit særlovvsselskap og får ansvaret for forvaltinga av dei næringsretta verkemidlane som i dag ligg til SND, Staten sitt Veileddningskontor for Oppfinnarar, Norges Turistråd og Norges Eksportråd. Selskapet vil bli formelt oppretta den 1. januar 2004.

Selskapet sitt føremål er å fremje ei bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling i heile landet gjennom å medverke til innovasjon, regional utvikling, internasjonalisering og profilering.

I høve innleiande arbeid med lova kom Sogn og Fjordane fylkeskommune med eit innspeil i brev av 6. mars 2003, der fylkeskommunen gav til kjenne vårt syn på ein heilskapleg innovasjonspolitikk.

Vurdering

Den nye lova er eit godt tiltak for å styrke nyskapingsarbeidet i Norge. Ein avgjerande føresetnad for at selskapet skal kunne fungere på ein god måte, er at det får tilstrekkeleg arnslag i høve staten. Vi er særleg godt nøgde med at fylkeskommunen som regionalpolitisk aktør vil få ein sentral samarbeidsfunksjon i høve til det nye selskapet.

Den regionale dimensjonen er særstak viktig i denne type utviklingsarbeid. Dette understrekar også leiaren i Distriktskommisjonen, Johan P Barlindhaug, i ein kronikk i Nasjonen laurdag 16. august 2003.

Der seier han mellom anna:

- Vekstkraft skapes ved å utvikle de lokale særtrekk og stedegne fortrinn. Det betyr at ulikhetene må dyrkes og ikke viskes ut
- Forskjeller og ulikheter kan ikke omgjøres til vekstkraft gjennom en sterkt sentralstyrt politikk.

Postadresse: Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
Besøksadresse: Fylkeshuset
Bankgiro: 3781.07.00050

Telefon: 57 65 61 00 Telefaks: 57 65 61 01
Org.nr.: 941 388 841
E-post: postmottak.sentraladm@sf-f.kommune.no
Internett: www.fylkesraadmannen.no

- Formell makt og viktig beslutningskraft må i stor grad flyttes ut til organer på regionalt og lokalt nivå."

Dette tilseier som utgangspunkt eit sterkt fokus på fylka. Men for nokre av problemstillingane vil bu- og arbeidsområde eller landsdelen likevel kunne vere det "rette" geografisk område. Det er såleis sterke grunnar for at fylkes- eller distriktskontora bør få eigne styre. Eigne styre vil styrke mangfaldet og gjøre det lettare å hindre stivbeinte standardløysingar.

Særleg viktig er det å aktivisere fylkespolitikarane. Dei vil kunne gje legitimitet til nyskapingsarbeidet og styrke mobiliseringsevna. Dette vil også sikre samordning av det bedriftsretta arbeidet og tilretteleggingsarbeid og styrke infrastrukturutbygging og kunnskapsutvikling på regionalt nivå. I alle høve er det ønskjeleg med eit lokalt styre for å sikre lokal forankring og tilgang til lokal kunnskap.

Den sterke vektlegginga av behovet for internasjonalisering er heilt i samsvar med fylkeskommunen sin utviklingsfilosofi. Spesielt vil den nye organisasjonen kunne styrke marknadsføringa, ikkje minst med tanke på systematisk merkevarebygging.

Konklusjon

Det nye selskapet gjev gode voner om å få til ei sterkare profesjonalisering av nyskapingsarbeidet i heile landet. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å medverke til at vi i vårt fylket får ein klårt styrka innsats på dette viktige innsatsområdet.

Spørsmålet om lokale styre er så viktig at vi meiner det bør takast inn i lova som eit krav om korleis selskapa skal organiserast. Vi vil be om at fylkestinget får ansvaret for å velje styret for distriktskontoret, mellom anna med grunnlag i føringar om god representasjon frå næringslivet og frå partane i arbeidslivet. Subsidiært må fylkespolitikarane i alle høve blir representert i distriktsstyra, for å sikre engasjement og samordning.

Med helsing

Nils R. Sandal (sign.)
Fylkesordførar



Knut Henning Grepstad
Sekretariatsleiar

Kopi:
Fylkesrådmann Per Drageset, her,
Fylkesdirektør Velaug Veum, her,